

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 6. desember 2012

<i>Til stades:</i>	Ottar Grepstad, Åse Lill Kimestad, Sigrun Høgetveit Berg, Bente Christensen (ikkje S 94/12, S 95/12, S 96/12, S 97/12 og S 98/12), Margrethe Kvarenes, Ola T. Lånke, Trond Trosterud, Åse Wetås og Kamil Øzerk
<i>Forfall:</i>	Helene Uri
<i>Frå sekretariatet:</i>	Arnfinn Muruvik Vonen (direktør), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef) (S 91/12) og Eilov Runnestø (rådgjevar)
<i>Møtestad:</i>	Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møteleiar:</i>	Grepstad
<i>Referent:</i>	Runnestø
<i>Møtetid:</i>	Kl. 11.00–16.30

Sakliste

Konstituering

- S 80/12 Godkjenning av innkalling og sakliste
- S 81/12 Protokoll frå styremøtet 3. september 2012
- S 82/12 Protokoll frå styremøtet 17. september 2012

Informasjonssaker

- S 83/12 Orienteringssaker
- S 84/12 Oppfølging av 2012-normalen for nynorsk rettskriving
- S 85/12 Frå fagråda
- S 86/12 Frå Språkdagen 2012
- S 87/12 Høyringsfråsegn om ein kunnskapsbasert kulturpolitikk
- S 88/12 Høyringsfråsegn om endringar i inndelingslova
- S 89/12 Overordna merknader til arbeidet med revidert læreplan i norskfaget, brev til kunnskapsministeren og kulturministeren
- S 90/12 Frå den årlege konferansen i Den europeiske føderasjonen av nasjonale institutt for språk (EFNIL)

Vedtaksaker

- S 91/12 Rekneskap per 31. oktober 2012
- S 92/12 Budsjett for 2013
- S 93/12 Strategiplan for Språkrådet 2013–2015
- S 94/12 Førebels verksemdsplan for 2013
- S 95/12 Ein samla ordbokpolitikk
- S 96/12 Oppnemning av fagråd for åra frå 2013
- S 97/12 Planar for Språkåret 2013
- S 98/12 Møteplan 2013

Konstituering

S 80/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende med den endringa at vedtakssak S 93/12 blir gjort til informasjonssak.

S 81/12 Protokoll frå styremøtet 3. september 2012

Sakspapir: Førebels protokoll frå møtet

Vedtak: Styret godkjenner den framlagde protokollen.

S 82/12 Protokoll frå styremøtet 17. september 2012

Sakspapir: Førebels protokoll frå telefonmøtet

Vedtak: Styret godkjenner den framlagde protokollen.

Informasjonssaker

S 83/12 Orienteringssaker

Sakspapir: Oversyn over foredrag og annan ekstern representasjon der direktøren i Språkrådet har medverka i tida 31.8.–4.12.2012.

Direktøren informerte munnleg om dei siste sakene, m.a.:

- avslutta arbeid med nye språkversjonar av Grunnlova
- høyringssak som må takast som e-postsak, om læreplan for nye valfag i ungdomsskulen
- drøfting på etatsstyringsmøtet i departementet 3. desember
- ymse personalsaker
- tema på personaleseminaret i Språkrådet 21.–22. november, m.a. planane om omorganisering av sekretariatet

I tillegg refererte styreleiaren frå seminaret ”Tospråk og danning”, som Språkrådet arrangerte saman med Nynorsksenteret 25.–26. oktober.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 84/12 Oppfølging av 2012-normalen for nynorsk rettskriving

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 29. november 2012

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 85/12 Frå fagråda

Sakspapir: Fagråd 1: referat frå møtet 3. september, innkalling til og referat frå møtet 12. november 2012

Fagråd 2: innkalling til og referat frå møtet 7. september, innkalling til og referat frå møtet 14. november 2012

Fagråd 3: referat frå møtet 17. april og 29. august 2012

Fagråd 4: referat frå møtet 7. mai og innkalling til og referat frå møtet 28. september 2012 med vedlegg

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 86/12 Språkdagen 2012

Sakspapir: Referat frå Språkdagen
Medieomtale av Språkdagen
Språkprisen 2012: oppsummering frå juryen, samansetjing av juryen per 1.1.2013

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 87/12 Høyringsfråsegn om ein kunnskapsbasert kulturpolitikk

Sakspapir: Brev sendt 16. november 2012 til Kulturdepartementet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 88/12 Høyringsfråsegn om endringar i inndelingslova

Sakspapir: Brev sendt 1. oktober 2012 til Kommunal- og regionaldepartementet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 89/12 Overordna merknader til arbeidet med revidert læreplan i norskfaget, brev til kunnskapsministeren og kulturministeren

Sakspapir: Brev sendt 1. november 2012 til Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 90/12 Frå den årlege konferansen i Det europeiske forbundet for nasjonale språkinstitusjonar (EFNIL)

Sakspapir: Rapport frå konferanse og generalforsamling i EFNIL 24.–26. oktober 2012
Vedteken resolusjon, ”Budapest Resolution on the Lexical Challenges in Multilingual Europe”

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 93/12 Strategiplan for Språkrådet 2013–2015

Sakspapir: Om strategidokumentet for Språkrådet for 2013–2015
Utkast til strategidokument frå direktøren 29. november 2012
Notat til framlegging og drøfting på etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet
3. desember 2012

Vedtak: Styret bed direktøren leggja fram eit endeleg strategidokument til neste møte på grunnlag av det vedlagde utkastet, drøftingane i styret og ytterlegare kvalitetstrygging i organisasjonen.

Vedtaksaker

S 91/12 Rekneskap per 31. oktober 2012

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 31. oktober 2012
Notat av 27. november 2012
Spesifikasjon av underpost 1262

Vedtak: Styret tek rekneskapen til etterretning.

S 92/12 Budsjett for 2013

Sakspapir: Førebels budsjettforslag med kommentarar

Styremedlemmen som er vald av dei tilsette, opplyste om at det ikkje hadde vore høve for dei tilsitsvalde å få drøfta denne saka og nokre andre saker før møtet.

Vedtak:

- 1) Styret godkjenner det førebelse budsjettet for 2013 under føresetnad av budsjettvedtaket i Stortinget, drøfting med dei tilsitsvalde og med dei merknadene som kom fram på møtet.
- 2) Styret bed direktøren vurdere ei ordning med samla prosjektpott for fagråda som direktøren forvaltar etter søknad.
- 3) Avsetjing til arbeidet med Bokmålsordboka blir fastlagd saman med det endelege budsjettet på neste møte.

S 94/12 Førebels verksemdsplan for 2013

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. desember 2012

Vedtak: Styret tek informasjonen om aktuelle tiltak til etterretning og bed direktøren prioritera ut frå dei merknadene som kom fram på møtet.

S 95/12 Ein samla ordbokpolitikk

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 4. desember 2012
Notat frå fagrådet for normering og språkobservasjon
Notat frå Bente Christensen, Helge Dyvik, Ruth Vatvedt Fjeld og Petter Henriksen til Språkrådet og Kulturdepartementet: Bokmålets og riksmålets ordboksverk – BRO-prosjektet
E-post frå Magnus Rindal til Kulturdepartementet vedlagd notat om infrastrukturen i Norsk Ordbok 2014

Vedtak: Styret bed direktøren om å arbeida vidare med planane om eit seminar og ei utgreiing om ordbokbehova i Noreg etter at prosjektet Norsk Ordbok 2014 etter planen blir avslutta i 2014, og om å ta omsyn til dei momenta styret legg vekt på i møtet.

S 96/12 Oppnemning av fagråd for åra frå 2013

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 4. desember 2012

Vedtak: Styret sluttar seg til dei framlegga til oppnemningar til fagråda som er spesifiserte i tabellen i sakspapiret.

S 97/12 Planar for Språkåret 2013

Sakspapir: Ingen

Vedtak: Språkåret 2013 er sak på kvart styremøte i 2013.

S 98/12 Møteplan 2013

Sakspapir: Framlegg til møteplan frå direktøren 29. november 2012

Vedtak: 1) I 2013 har styret møte torsdag 21. februar, fredag 26. april, torsdag 13.–fredag 14. juni (utanfor Oslo), torsdag 12. september og torsdag 12. desember.
2) Alle møta i Oslo tek til kl. 11.30.
3) Ut frå drøftinga i dette møtet legg direktøren fram plan for møtet utanfor Oslo på neste møte.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 6. desember 2012 er godkjend på styremøtet 21. februar 2013:

Ottar Grepstad

Åse Lill Kimestad

Sigrun Høgetveit Berg

Bente Christensen

Margrethe Kvarenes

Ola T. Lånke

Trond Trosterud

Åse Wetås

Kamil Øzerk

Arnfinn Muruvik Vonen